



Årsmelding 2023




Foto: Einar Almehagen

Innholdsfortegnelse

Innholdsfortegnelse.....	2
Forord	4
2. Satsingsområde 1 – ARBEIDSPLASSAR	5
2.1. Felles næringssamarbeid (6K Næring).....	5
2.2. Utdanning og fagopplæring.....	6
2.2.1. Karriere Innlandet Gudbrandsdal	6
2.3. Universitetsregionen Nord-Gudbrandsdal	10
2.4. Gudbrandsdalstinget – årsmelding 2023.....	13
2.5. Økonomisk støtte til prioriterte arrangement.....	16
2.6. Kommunal tenesteutvikling.....	18
2.6.1. Velferdsteknologi	18
2.6.2. Digital heimeoppfølging	20
2.6.3. Innovasjonsverkstad for helsetenester	20
3. Satsingsområde 2 – KOMMUNIKASJON OG INFRASTRUKTUR.....	21
3.1. Nasjonal Transportplan 2025-2036	21
3.2. El-fly.....	21
3.3. Breiband	22
Vidare planar	23
4. Satsingsområde 3 – ATTRAKTIVITET.....	24
4.1. Arbeid og bustad	24
4.1.1. Boligtorget Nord-Gudbrandsdal	24
4.1.2. "E æ aktiv, æ du?"	25
4.1.3. Stillingsleppet og Lærlingsleppet 2023.....	26
4.1.4. Forprosjektet «Styrket frivillighet i Nord-Gudbrandsdal»	28
4.3. Ung i Nasjonalparkriket	30
4.3.1. Regionmesse for elevbedrifter i Nord-Gudbrandsdal	30
4.3.2. Ung i Reiselivet	31
4.3.3. Ung Kultur Møtes (UKM)	31
4.3.4. Ungdomsmusikalen Nord-Gudbrandsdal	31
4.3.5. Ungdomsrådkonferanse for Nord-Gudbrandsdal 2023	32
4.4. Medlemskap i nettverk.....	33
4.4.1. Fjellnettverket	33
4.4.2. Ugt Entreprenørskap	33
4.4.3 HelseINN	33
5. Regionalt samarbeid	34
5.1. Administrative samarbeidsorgan	34
5.2. Interkommunalt samarbeid.....	35

6. Økonomiske nøkkeltal.....	36
6.1. Økonomi og personell	36
6.2. Partnarskapsmidler	37
7. Råd og utval.....	38
7.1. Representantskapet 2019 – fram til valet hausten 2023	38
Representantskapet 2024 – 2027. Konstituert i møte 15.12.2023	39
7.2. Regionstyret	40
Regionstyret 2024 - 2027	40
7.3. Samferdselsutvalet 2019 - 23	41
7.4. Næringsutvalet 2019 – 23	41
8. Saker og møter	42
8.1. Representantskapet	42
8.2. Regionstyret	43
8.3. Samferdselsutvalet	44

Forord

Større endringar på fleire områder har vore tema i driftsåret 2023. Både på den politiske arenaen og elles. Kommunevalet tok naturleg nok stort fokus i kommunal- og fylkespolitikken. Sett frå vår ståstad opplevde vi ein ryddig og redeleg valkamp.

Endringar innan skule- og tilbodssstruktur i vidaregåande skule var varsle på slutten av året, og prosessen skal etter planen avsluttast i 2024. For regionrådet sin administrative del har det vorte tydeleggjort at kommunane forventar at vi tek ei aktiv rolle innan kommunal tenesteutvikling. Dette må ikkje forvekslast med tenesteproduksjon. Dette omhandlar i hovudsak tenesteutvikling innan helsesektoren og innovasjonsarbeidet i dei 6 kommunane i regionen. Dette arbeidet blir no vidareført på permanent basis. Parallelt med innovasjons-satsinga er det i 2023 etablert ein ny struktur og ei ny plattform for det avtalebaserte, interkommunale samarbeidet om ulike tenester – forkorta INSAM.

Av politiske saker som har hatt fokus i meldingsåret er:

- regional plan for klima og miljø
- regional plan for samfunnstryggleik
- innspeil til betre polititenester og beredskap
- viljeserklæring og handbok for interkommunalt samarbeid
- fornya innspeil til NTP 2025 -2036
- etablering av vegleiarkompetanse for sjukepleiestudentar
- etablering av sjukepleieutdanning med tilhøyring til kommunane
- etablering av Innovasjonsverkstad for helsetenester
- avvikle ordninga med eigne utval for næring og samferdsel

Av prosjekter er Universitetsregionprosjektet med Velferdsteknologi dei mest omfattande.

Harald Sve Bjørndal (t.h.) tok over som regionrådsleiar

Bjarne Eiolf Holø
Regionrådsleiar

Frode Damstuen
Dagleg leiar



etter Bjarne Eiolf Holø i Representantskapets møte 15. desember.

Det er vanskeleg å unngå å kommentere "HANS" i årsmelding for 2023. Justisminister Mehl besøkte Otta i august, og uttrykte at "det har vært noen sterke inntrykk de siste dagene, samtidig noen fine møter med mennesker, slik som her på Otta. Her i Sel kommune har de greid å berge mye, og det har heldigvis ikke gått med liv. Det er veldig fint å få møte de mannskapene som har stått i dette. Det har vært så mange gode krefter som har vært avgjørende for å håndtere krisen", sa Enger Mehl.

"Hans" prega heile regionen på ymse vis. Alle næringar fekk merke naturkreftene. Både handel, landbruk og reiseliv måtte ta sin del av "støyten", og ikkje minst dei som måtte evakuere frå heimen sin.

Takk til fylkeskommunen, Statsforvaltaren og kommunane for godt samarbeid i driftsåret 2023. Dette har vore viktig for at vi kan seie oss godt nøgd med resultata.

Regionrådsleiaren og dagleg leiar håpar at årsmeldinga gjev eit godt inntrykk av aktivitetene.

Under konstituerande møte i representantskapet i desember vart Harald Sve Bjørndal vald til ny regionrådsleiar. Representantskapet takka av Bjarne Eiolf Holø som avtroppande leiar i totalt seks år, og dei siste 4 år samanhangande.

2. Satingsområde 1 – ARBEIDSPLASSAR

2.1. Felles næringssamarbeid (6K Næring)

Næringsapparatet i Nord Gudbrandsdalen har eit tettare samarbeid på tvers av kommunegrensene innanfor næringsutvikling og bulyst/tilflytting.

Den overordna målsettinga er å styrke Nord-Gudbrandsdalen som ein attraktiv tilflyttungsregion og eit attraktivt etableringsområde for både eksisterande og nye bedrifter. Dette vil vi gjere gjennom å styrke arbeidet knytt til næring og tilflytting basert på eit meir utstrekkt, forpliktande og målretta samarbeid.

Nord Gudbrandsdalen er eit stort geografiske område som strekker seg frå Otta og innover to ulike dalstrøk. Det er derfor lett at næringsansvarleg i kvar kommune blir drege inn i interne prosjekt og at det blir jobba for lite på tvers av kommunegrenser. Samarbeidet inkluderer også regionadministrasjonen.

Statistikken viser oss at Nord-Gudbrandsdalen fungerer som ein felles arbeids- og bustadregion, sjølv om det er delt inn i seks kommunar og det går eit dele mellom dei to dalstrøka. Vår region er ein utkant i det nye Innlandet og dette har forsterka behovet for å tenkje nytt innanfor næring- og samfunns-utvikling. Nord-

Gudbrandsdalen scorar allereie därleg på nasjonale statistikkar og befolkningstala/sysselsettingstala går nedover. Vi ser at konkurransen om merksemd i både næringsetablering og tilflytting er stor, og vår region blir sterkt prega av både sentralisering og folketalsnedgang.

Arbeidet er i skrivande stund godt i gjenge der næringsmedarbeidarane i kommunane er viktige ressursar for å gjennomføre tiltak som er vedteke i regionrådets strategiplan. Aktiviteten i samarbeidet har auka, og vil bli utvikla med faste digitale møteplassar for næringslivet i 2024.



Frå strategisamlinga på Toftemo

2.2. Utdanning og fagopplæring

2.2.1. Karriere Innlandet Gudbrandsdal

Karriere Innlandet Gudbrandsdal er ett av ni karrieresenter i Innlandet fylke, med kontorsted på Otta og Vinstra. Karrieresentrene er fylkeskommunens satsing på videregående opplæring og karriereveiledning for voksne, og er et partnerskap mellom Innlandet Fylkeskommune, kommunene i regionen og NAV.

Fakta om senteret

6 årsverk fordelt på 8 personer:

Ivar Vistekleiven leder, Svanhild Krukhaug Vatn, Lars Petter Nyhus, Jan Roger Bøe Øien, Grete Lilleseter, Inger Lise Widme og Marlaug Elda Dokken.

Oppgaver

- Karriere- og studieveiledning
- Videregående opplæring for voksne
- Koordinering, utvikling og styrking av utdannings- og yrkesveiledning i grunnopplæringen.
- Tilrettelegging for fagskole/høyere utdanning.
- Nettverksutvikling og registering av kompetansebehov.

Regionalt Kompetanseforum

Frode Damstuen er leder av Regionalt kompetanseforum for Nord-Gudbrandsdal.

Forumet har følgende medlemmer:

- Kristin Undseth, rektor Nord-Gudbrandsdal videregående skule
- Unnvald Bakke, representant for kommunene
- Liv Kari Ringen, Karriere Innlandet
- Ivar Vistekleiven, Karriere Innlandet Gudbrandsdal
- Arne Christian Mæhlum, NAV
- Jarleif Haugen, NAV
- Ingvill Høgvoll, Opplæringskontoret Gudbrandsdal
- Mari Grasbakken, Midt-Gudbrandsdal næringsforening

Regionalt kompetanseforum er styringsgruppe for karrieresenteret. I 2023 har utvalget hatt 4 møter.

Sentrale saker i 2023

- Kompetansetiltak for lokalt næringsliv og kommuner
- Alternative opplæringsmodeller frem mot fagbrev
- Fleksibel og desentralisert fag- og høgskoleutdanning
- Integrering og opplæring av flyktninger

Studieaktivitet i 2023

YRKESFAG

59 voksne over 25 år har avgjort fagprøve i perioden. De fordeler seg på følgende fag:

Lærefag	2023
Helsearbeiderfaget	10
Renholdsoperatørfaget	7
Salgsfaget	7
Barne- og ungdomsarbeiderfaget	4
Betongfaget	4
Tømrerfaget	4
Yrkessjåførfaget	4
Bilpleiefaget	2
Energioperatørfaget	2
Anleggsmaskinførerfaget	1
Banemontørfaget	1
Bilfaget, lette kjøretøy	1
Byggdrifterfaget	1
Dataelektronikerfaget	1
Fjell- og bergverksfaget	1
Gjenvinningsfaget	1
Industriell matproduksjon	1
Industrimekanikerfaget	1
Logistikkfaget	1
Malerfaget	1
Murerfaget	1
Platearbeiderfaget	1
Rørleggerfaget	1
Smedfaget	1
Totalt	59

Kommentar til yrkesfagtabellen nederst på forrige side:
 Det er en økning på 34% fra 2022. De fleste kandidatene som har avgjort fagprøve har hatt veiledning/opplæring hos Karrieresenteret.

Mange voksne innbyggere i regionen benytter seg av tilbudet om teoriopplæring i grupper/klasser i regi av karrieresenteret. Vi tilbyr også veiledning/individuell oppfølging for å ruste voksne innbyggere til å ta fagbrev på egenhånd. **101** voksne har i perioden avgjort tverrfaglig eksamen som danner det teoretiske grunnlaget for fagprøven. Over 50 % av disse har vært tilknyttet karrieresenteret. De fire største fagene er helsearbeiderfaget, yrkessjåførfgaget, renholdsoperatørfaget og barne- og ungdomsarbeiderfaget.

Det har vært stort fokus på at ansatte i de regionale renovasjonsselskapene skal få mulighet til å ta fagbrev i sitt yrke. Dette er en gruppe som ikke har hatt mange muligheter for å få formalisert sin kompetanse. Dette arbeidet har resultert i at 10 av de ansatte i Nord-Gudbrandsdalen er i gang med å bli faglærte gjenvinningsoperatører og yrkessjåfører. Dette er et godt eksempel på god dialog og samarbeid med lokalt næringsliv.

GENERELL STUDIEKOMPETANSE

Karrieresenteret tilbyr seks fag (norsk, matematikk, naturfag, engelsk, samfunnsfag og historie). Tilbuddet er organisert på ulike måter i fagene som blir tilbydd, og noe av undervisningen er samarbeid med andre Karrieresenter i fylket.

Det er **19** personer fra Nord-Gudbrandsdalen på fellesfag skoleåret 2023-2024.

FAG- OG HØGSKOLEUTDANNING

Karriere Innlandet Gudbrandsdal har dette året hatt fokus på å legge til rette for desentralisert etter – og videreutdanning. Dette har per dags dato resultert i oppstart av 3 fagskoleutdanninger innen helsefag. Studentene kommer utelukkende fra regionene Nord- og Midt-Gudbrandsdal og jobber innenfor kommunal helsektor.

Fag	Antall studenter
Tverrfaglig miljøarbeid innen rus- og psykisk helse, 60 stp	12 studenter
Demens- og alderspsykiatri, 60 stp	12 studenter
Helseteknologi, 30 stp	7 studenter

Helsepersonellkommisjonen vurderer at høyere yrkesfaglig utdanning kan være et viktig virkemiddel for økt kompetanse som kan kvalifisere for flere oppgaver. Karriereveier gjennom fagskoleutdanning, for eksempel helsefagarbeidere som kvalifiserer for flere oppgaver som følge av å ta høyere yrkesfaglig utdanning, kan motivere flere unge til å ønske å ta fagbrev. NOU 2023:4 «tid for handling»

Fagskolen Innlandet og Karriere Innlandet Gudbrandsdal er også i gang med fagskolemodul "Forbedringsprosesser og mellommenneskelig samspill i egen bedrift" på 7,5 studiepoeng. 21 deltakere fra 7 bedrifter. Dette er et resultat av arbeidet med Kompetansepilot Gudbrandsdal, et prosjekt rettet mot små og mellomstore bedrifter i våre kommuner. Tretorget på Elverum samarbeidspart i prosjektperioden. Fagskolen Innlandet skreddersyr moduler tilpasset næringslivets behov. Karriere Innlandet Gudbrandsdal er tilrettelegger for at dette kan gjennomføres lokalt.

Det er liten tilgang på veiledere med formell kompetanse i vår region. I samarbeid med NTNU - Gjøvik vart det i 2023 jobbet for å starte opp «praksisveiledning i helse- og sosialfag». Målgruppen her er Profesjonsutøvere/praksisveiledere som veileder studenter under praksisstudiene innen helse- og sosialfag. Formålet er å sikre kompetente og faglig trygge praksisveiledere for å fremme kvalitet i praksisstudiene. Dette vil gi økt teoretisk innsikt i modeller og metoder innen praksisveiledning samt trening i praktiske veiledningsferdigheter. Praksisveileiders rolle, funksjon og ansvar vil være i fokus både i teori og gjennom praktiske øvelser. Studiet på 10 stp hadde søknadsfrist 1.januar 2024, og hadde ved oppstart 22 studenter fra regionen.

Karrieresenteret har, i samarbeid med regionråd, vært i en prosess for å få reetablert den desentraliserte sykepleierutdanningen. Gjennom god dialog er det nå bestemt at HINN vil tilby en

bachelor i sykepleie på deltid over 4 år med 75 % studieprogresjon, der 10 studieplasser er avsatt til dette. Om lag 50 % av studiet er praksisrelatert. Praksis skal i hovedsak kunne bli gjennomført lokalt. Utover det vil egenstudier og digitale samlinger være mulig å følge på karrieresenteret.

Målsetning med dette tilbuddet er ønske om å kunne beholde denne kompetansen i regionen.

STUDIE- OG KARRIEREVEILEDNING

Arbeidsmarkedet er i endring og har behov for fleksibilitet, høyere kompetanse, omstilling og effektivitet. Karrieresenteret tilbyr karriereveiledning og studieveiledning slik at innbyggerne kan ta gode valg om opplæring og arbeid. Dette er et gratis tilbud for alle. Veisøkerne fordeler seg slik:

Kommune	Antall
Sel	70
Vågå	38
Dovre	24
Lom	16
Lesja	10
Skjåk	7

Dette er en liten nedgang fra 2022. Det er flere kvinner enn menn som har hatt veiledning. Hovedvekten på veisøkere ligger i aldersgruppen 20-49 år og har fullført og bestått videregående skole fra tidligere. En god andel veisøkere er nyankomne flyktninger med rett og plikt til veiledning



Fagskoleutdanning i helseteknologi



Praktiske øvelser på sykerommet på Karrieresenteret



Karrieresenteret tilbydde fagbrevkurs i renholdsoperatørfaget i 2023. Nå har nesten alle deltakerne vært oppe til fagprøven, og er nå faglærte renholdsoperatører.



Tore Martin Amundgård i Lesja Bilruter - En god fagperson har tatt fagbrev i yrkessjåførfaget.

2.3. Universitetsregionen Nord-Gudbrandsdal

Prosjektet starta opp sommaren 2019 med varigheit ut 2023. Prosjektleiarene gjekk ut av med pensjon 1. august, men har fram til nyttår vore engasjert på pensjonistvilkår for å administrere nokre av oppgåvene i prosjektet. På hausten ga kommunestyra si tilslutning til at det skal vidareførast ein stillingsressurs ved regionkontoret som skal støtte innovasjonsarbeidet i det regionale samarbeidet og i kommunane. Satsinga på eit forsterka innovasjonsfokus i IPR går frå 2024 frå prosjektstatus til ei permanent satsing.

I 2022 fekk vi pengar frå Statsforvaltaren til gjennomføring av 2 omgangar med eit skreddarsydd kurs i innovasjonsarbeid. Det første kullet, med deltakarar frå Lom, Vågå og Lesja, hadde siste samlinga i februar. I april starta vi opp det andre kurset – denne gongen var kommunane Lom, Sel og Lesja med. I tillegg deltok ei reiselivsbedrift frå Sel. Dette kurset vart avslutta i oktober. Målet med kurstilbodet har vore at kommunane skal få kvalifisert ei gruppe tilsette som kan vere drivrar for innovasjons- og utviklingsarbeidet i eigen kommune. Attendumding frå deltakarane og deira leiarar under og etter gjennomført opplæring har vore gode. Men ein varig effekt føreset at kursdeltakarane får oppgåver og handlingsrom frå arbeidsgjevar. I tillegg må innovasjonskompetansen breiast ut i heile den kommunale organisasjonen.

Deltakarane på innovasjonskurs 1 presenterte på siste samlinga i februar sine innovasjonsløysingar for et panel samansett av kommunedirektørane i Dovre og Skjåk og ordføraren i Sel

Tenestedesign er eit mykje brukt metodeverktøy i innovasjon. Vi har i 2023 vore partner med NTNU Gjøvik i ein pilot for å utvikle eit utdanningstilbod i tenestedesign for tilsette i helsesektoren – "Tenestedesign for betre digitalisering i helse". Kurset skal etter pilotperioden bli ein del av ei masterutdanning ved NTNU. Før og etter sommaren vart det gjennomført eit samlingsbasert studium på Otta med eksamen på seinhausten. Kurset hadde deltakarar frå fleire av våre kommunar, i tillegg til Sykehuset Innlandet og HelseINN.



Deltakarane på innovasjonskurs 1 presenterte på siste samlinga i februar sine innovasjonsløysingar for et panel samansett av kommunedirektørane i Dovre og Skjåk og ordføraren i Sel

Eitt av måla med Universitetsregion Nord-Gudbrandsdalen har vore å auke bruken vår av **verkemiddelapparatet**. Dette føreset at kommunane har nok kunnskap om dei mest relevante aktørane og krava dei set for å utløse finansiering og fagleg støtte. I samråd med kommunedirektørane er det starte opp digitale møte mellom verkemiddelaktørar og kommunale leiarar og saksbehandlarar. Vi har hatt presentasjonar av Husbanken, Distriktsenteret og Design og arkitektur Norge (DOGA).

På vegne av regionen fekk Sel kommune i 2022 tildelt middel frå Statsforvaltaren til etablering av ein **innovasjonsverkstad for helse** knytt til NGLMS på Otta. Universitetsregion-prosjektet har vore med som koordinator i arbeidet. Målet var å opne senteret våren 2023. Det viste seg vanskeleg å finne eigna lokale i nærleiken av NGLMS. Det vart difor etablert dialog mellom ordføraren i Sel og fylkesordføraren for å sjå om ein "Innoverkstad" kunne plasserast ved den vidaregåande skolen på Otta. Møter før og etter sommaren viste at dette lar seg gjere og er ønska av Innlandet fylkeskommune. Frå seinhausten er

det difor arbeidd med sikte på oppstart våren 2024 med bruk av mellom anna Klimalaben ved skolen.

Prosjektet "**Styrket samhandling mellom kommunehelsetjenesten og ambulansetjenesten i Nord-Gudbrandsdal**" vart initiert av Sykehuset Innlandet i 2. halvår 2022, delvis som resultat av at kommunane la arbeidet med utprøving av ein legevaktbil på is. I drøftingar mellom SI og kommunane sette ein opp følgjande målsettingar:

- Utvikle samhandlinga i den akuttmedisinske kjeda (ambulansepersonell, legevakt og kommunehelsetenesta) for å bidra til ei meir integrert helseteneste i distrikta.
- Styrka kompetanse på tvers av nivåa for å legge til rette for hensiktsmessig oppgåvedeling mellom helsepersonell i kommune- og spesialisthelsetenestene.
- Sjå på synergieffektar med andre prosjekt mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta i helseregionen, til dømes digital sårbehandling.

Gjennom året er det gjort eit omfattande kartleggingsarbeid der ein mellom anna har konkretisert kompetansebehov og behov for meir/nytt utstyr. To arbeidsgrupper kom med tilrådingar til korleis samhandlinga skal styrkast. Partane vil ta stilling til desse tidleg i 2024.

Det vart i juni gjennomført felles fagdagar for tilsette i ambulansetenesta i regionen og tilsette i heimetenesta. Målet er at slike årlege fagdagar

skal vidareførast på permanent basis.

Gjennom Universitetsregion-satsinga har det vore eit mål å auke samarbeidet mellom kommunane og studentar. I 2023 har vi vore partnar med Styrk Sel i utprøving av **internships**. Her tilsett ein arbeidsgjevar ein student for ei kortare periode for å nytte studenten sin oppdaterte kunnskap på eit avgrensa område i verksemda. Internship Gudbrandsdalen hadde i 2023 med Sel kommune i tillegg til nokre verksemder i privat sektor. Ifølge Sel kommune var erfaringane gode. I 2024 vil difor Sel, men og andre kommunar i regionen, lyse ut internships.

I masterprogrammet ved NTNU blir det årleg gjennomført eit studieemne i stadutvikling – **Planbussen** – der studentane samarbeider med distriktskommunar om løysingar for stadutvikling i kommunenesenteret. I 2023 var Skjåk og Dovre plukka ut som samarbeidskommunar. Prosjektet vart gjennomført i vårsemesteret 2023 med Bismo og Dovre sentrum som studentoppgåver. Resultatet vart presentert for politisk og administrativ leiing i kommunane. Kommunane står fritt i korleis innspela til løysingar blir nytta.

Masterstudentane i Planbussen presenterte sine innspel til stadutvikling for politisk og

Masterstudentane i Planbussen presenterte sine innspel til stadutvikling for politisk og administrativ leiing i Dovre og Skjåk. Her frå møtet med Dovre kommune på Toftemo.

administrativ leiing i Dovre og Skjåk. Her frå



møtet med Dovre kommune på Toftemo.

Representantskapet vedtok i desember 2022 å utgreie innføring av eit heilskapleg system for oppfølging og utvikling av dei interkommunale samarbeida om tenesteproduksjon i regionen. Basert på tilsvarende initiativ i Gjøvik-regionen vart det i 1. halvår utarbeidd ei handbok og ei viljeserklæring for interkommunalt samarbeid – forkorta **INSAM**. Universitetsregion fekk sekretariatsansvaret for arbeidet. Kommunestyra

gjorde på haustparten vedtak om at metodikken og strukturen i handbok og viljeserklæring skal gjelde på permanent basis. Sekretariatsfunksjonen for INSAM er lagt til regionkontoret.

Sidan oppstarten av Universitetsregion-prosjektet er 3 delprosjekt skilt ut som frittståande prosjekt. I 2019/2020 gjaldt dette Smart velferdsregion og Flomrespons. I 2023 er Styrka frivillighet i Nord-Gudbrandsdalen etablert som eige prosjekt med eigen prosjektleiar.

2.4. Gudbrandsdalstinget – årsmelding 2023

Om Gudbrandsdalstinget

Gudbrandsdalstinget består av politisk valgte representanter for kommunene Dovre, Gausdal, Lesja, Lillehammer, Lom, Nord-Fron, Ringebu, Sel, Skjåk, Sør-Fron, Vågå, Øyer og fylkeskommunen.

Statsforvalter har møte- og talerett. Det samme gjelder kommunenes kommunedirektører og fylkeskommunedirektør. Gudbrandsdalstinget finner sted to ganger i året: om våren og om høsten.

Arbeidsutvalget har ansvaret for å forberede saker til møtene.

AU

Arbeidsutvalget i 2023 har bestått av Ingunn Trosholmen (leder), Anette Musdalslien (nestleder), Bjarne Eiolf Holø og Ole Tvete Muriteigen.

Vedtak:

Uttalelsen vart enstemmig vedtatt og sendes inn som høringsuttalelse fra Gudbrandsdalstinget til Skatteutvalgets utredning.

Møter

Det har vært gjennomført tre møter i AU i meldingsåret: 16.02, 22.02 og 27.09.

Ting 5.og 6. oktober på Dombås

Orienteringer og arbeidsverksted:

Gudbrandsdal 2030.

Innledning v/leder av administrativ styringsgruppe Åsmund Sandvik.

"Felles landbruksplan". Orientering ved Marie Skavnes. Presentasjon ligger vedlagt protokollen.

Drøfting:

- Hvilket økonomisk handlingsrom kan en felles landbruksplan ha på kommunenivå – hvilke muligheter finnes?
- Hvordan kan kommunestyrrene og politisk ledelse involveres i arbeidet og være med på å fronte dette?
- Hvilke temaer kan danne en rød tråd gjennom hele dalen, og gi grunnlag for felles mål og tiltak?

Innspill etter drøftingen blir sendt prosjektlederne.

Status og arbeidsverksted for "Grønne innkjøp" *Orientering v/Anne Hesthagen og LUP v/Kjersti Granaasen.*

Presentasjonen ligger vedlagt protokollen.

Presentasjonen var to-delt:

- Felles regional strategi for grønne anskaffelser i Gudbrandsdalen v/Anne Hesthagen
- Prosess for anskaffelsesstrategi, Kjersti Granaasen, seniorrådgiver LUP.

Ting 2. mars på Kvitfjell

Handlingsplanen for Gudbrandsdalen 2030:
«Bærekraftig utvikling i Gudbrandsdalen»
Prosjektleder Arne Furumo orienterte om handlingsplanen.

Vedtak:

1. Gudbrandsdalstinget slutter seg til handlingsplanen «Gudbrandsdalen 2030 – Bærekraftig utvikling i Gudbrandsdalen».
2. Kommunedirektørene bes fremme sak om vedtak av handlingsplanen til behandling i det enkelte kommunestyret innen utløpet av mai 2023.

Årsmelding for Gudbrandsdalstinget 2022

Vedtak:

Årsmeldingen vart enstemmig vedtatt
Årsregnskap for 2022.

Vedtak:

Årsregnskapet for 2022 vart enstemmig vedtatt.

Uttalelser fra Gudbrandsdalstinget

Det var ett forslag til uttalelse til behandling:
«Reiselivsmomsen kan ikke økes ytterligere»

Drøfting:

- Hva mener du er viktig i arbeid med strategien?
- Hva mener du er hindringene for å kunne gjennomføre en slik prosess?
- Er det flere grupper enn de som er nevnt i presentasjonen som bør involveres?

Innspill etter drøftingen sendes prosjektlederne.

Avslutning v/Åsmund Sandvik:

Prosessen i seg selv er viktig, det handler om kompetansebygging. Handler om grunnleggende beslutninger for å ta politiske valg. Det handler om å skaffe noen felles rutiner for å få den effekten som politikere ønsker lokalt. Det må forankres politisk.

Handler om at Gudbrandsdalen står sterkere sammen

Uttaler fra Tinget, 6.10.23:

- Opprop for bevaring av G35 ved Lom og Skjåk Ysteri
- Naturskader etter ekstremværet Hans i Gudbrandsdalen
- Dovrebanen må prioriteres – gjenoppbygging av Randkleiv bru
- Ferdigstilling av E6, trygt og sikkert vegnett gjennom Gudbrandsdalen
- Gudbrandsdalen som merkevare
- Strukturendring i Tine
-

Gudbrandsdalen 2030

Som i 2022, vart det også i 2023 jobbet mye med handlingsplanen for bærekraftig utvikling i Gudbrandsdalen, Gudbrandsdalen 2030.

19. januar vart det arrangert arbeidsverksted med ca. 80 deltakere fra Gudbrandsdalstinget, representanter fra næringsliv og fagpersoner fra kommuner, fylkeskommune og Statsforvalter.

På Gudbrandsdalstinget på Kvitfjell 2. mars sluttet Gudbrandsdalstinget seg til den ferdige handlingsplanen og ba kommunedirektørene om å fremme sak om vedtak av planen i den enkelte kommune. I løpet av våren vart handlingsplanen vedtatt i samtlige 12 kommuner.

I vedtaket vart fire områder pekt ut som aktuelle for rask igangsetting: Klimaregnskap, felles landbruksplan for Gudbrandsdalen, grønn

mobilitsplan og regional strategi for grønne anskaffelser.

Det vart videre opprettet en administrativ styringsgruppe for oppfølging av handlingsplanen bestående av kommunedirektørene fra de kommunene som til enhver tid har ledervervet i de tre interkommunale politiske rådene. Sekretariatet for Gudbrandsdalstinget er sekretariat for styringsgruppa.

Videre vart det vedtatt at kommunenes/regionenes kostnader utover egen tidsbruk, dekkes av de interkommunale rådene bidrag til Gudbrandsdalstinget. Eventuelle kostnader utover dette, søkes dekket gjennom ekstern finansiering i form av tilskudd/prosjektmidler.

Administrativt vart det senere besluttet igangsetting av to av de prioriterte tiltakene: Felles landbruksplan og felles strategi for grønne anskaffelser. Lillehammer-regionen fikk ansvar for koordinering av arbeidet med landbruksplanen, mens Nord-dalen fikk ansvar for strategi for grønne anskaffelser. Forslag til mandat og fremdriftsplan vart lagt fram for alle kommunedirektørene i et møte 6. september og på Gudbrandsdals-tingets møte 5.-6. oktober.

Gudbrandsdalstingets sekretariat:

Av mandatet for Gudbrandsdalstinget (vedtatt i 2018), framgår det at de tre regionkontorene for hhv. Nord-Gudbrandsdal, Midt-Gudbrandsdal og Lillehammerregionen til sammen utgjør sekretariatet for Gudbrandsdalstinget. Ansvaret for sekretariatsarbeidet rulleres mellom regionrådene med ett års varighet.

Rulleringen har vært/er som følger:

- Nord-Gudbrandsdal (2020)
- Lillehammerregionen (2021)
- Midt-Gudbrandsdal (2022)
- Nord-Gudbrandsdal (2023)

For 2024 har Lillehammer-regionen sekretariatet.

Økonomi:

For 2023 vart det bevilget kr. 150.000 fra hvert av de tre regionrådene/de interkommunale politiske rådene.

Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal har hatt sekretariatsansvaret i 2023 og har forskuttet kostnader i forbindelse med Gudbrandsdalstinget.

Lillehammer kommune har hatt ansvaret for prosjektet Gudbrandsdalen 2030 Regnskapet for 2023 viser kostnader på kr. 49 476, som gir en kostnadsfordeling på kr. 16 492, på hver av de tre regionrådene/de interkommunale politiske rådene.

2.5. Økonomisk støtte til prioriterte arrangement

Søker	Prosjekt/tiltak	Tildelt
Diktardagar	Diktardagar 2023	40 000
Fjelleventyret	Camp UT 2023	30 000
Lom spel- og dansarlag	Landskappleiken 2023	50 000
Jørundgård Middelaldersenter	Dansefestivalen 2023	50 000
Kultur Companiet	Traktorrock 2023	50 000
Norsk fjellsenter	Lom skifestival	30 000
Otta Motorfestival	Otta Motorfestival 2023	50 000
Killi kunst og dekormaling ENK	Diverse tiltak og arr. i forb.med etablering av kulturell møteplass	10 000
Senter for bygdekultur	Hjerleidutstillingen 2023	30 000
Ottaløpet	Ottaløpet 2023	20 000
Gudbrandsdal Musikkfest	Gudbrandsdal Musikkfest 2023	40 000
Dovre Vel	Familiefestival og Allsang på jordet	10000
Pilegrimssenter Dovrefjell	Utvikling og fremføring av spelet "Kongen av Dovrefjell"	20 000
Galleri Ullinsvin	Utvikling, aktiviteter ifm. etablering av "HAUSTUTSTILLINGA - Morten Krogvold sine utvalde"	20 000
Markens Grøde Lesja	Markens Grøde 2023	30 000
DNT hytta Sota Sæter m.fl.	Villreinfestival	30 000
Otta Handels- og næringsforening	Videreutvikling av Ottamartnan	50 000
Naturgull AS	Ullinsvin ullfestival	10 000
Jon Ole Olstad	Dancing In The Wild	30 000
Boogie Feet Festival	Boogie Feets Festival	30 000
Scene Gudbrandsdal	Rostmø og Ridder	12 000
Rudi Gard	Konsert med KORK	50 000



Fra danseforestillingen «Dancing In The Wild»



Fra Ottaløpet 2023

2.6. Kommunal tenesteutvikling

Fokusområde for Smart Velferdsregion Nord-Gudbrandsdal har i 2023 vore digital helsekompetanse, barn, unge og vaksne med medfødt eller tidleg erverva funksjonsnedsettingar og digital heimeoppfølging. Desse fokusområda er i tråd med satsingane i det Nasjonale velferdsteknologiprogrammet. Programmet sin eigar er Helse og omsorgsdepartementet. Helsedirektoratet, KS og Direktoratet for e-helse har fått ansvaret for å fylgje opp programmet, overfor kommunane. Helsedirektoratet og direktoratet for e-helse vart 1.januar 2024 slått saman, og det Nasjonale Velferdsteknologiprogrammet gjekk over i helseteknologiordninga.

Mål og tiltak i prosjektet

Nasjonalt velferdsteknologiprogram har ei overordna målsetning om at velferdsteknologi skal vere ein integrert del av helse- og omsorgstenestene. Det føreset at kommunen har velferds-teknologi tilgjengeleg som ein del av teneste-tilbodet. Det inneber blant anna at velferdsteknologi må vurderast og tildelast på lik linje med andre tenester ved vurdering og tildeling av tenester.

2.6.1. Velferdsteknologi

Innbyggjarane i Nord-Gudbrandsdalen skal uavhengig av alder, funksjonsevne eller bustad kunne ta i mot etablerte velferdsteknologi-tenester, der tiltaket er vurdert som eit bidrag til auka sjølvstendigheit, meistring og tryggleik. Velferdsteknologi handlar om å kunne gi personar med hjelpebehov betre livskvalitet, auka tryggleik og større moglegheit til å kunne klare seg sjølv.

Gjennom forsking har ein fått dokumentert at mange brukarar som har velferdsteknologi som ein del av eit heilskapleg tilbod, opplev auka livskvalitet og eiga meistring. Vi har ei aldrande befolkning og nedgang i antal yrkesaktive pr. pensjonist. Da må vi arbeide for å kunne løyse ei tyngre omsorgsoppgåve på færre hender. Gjennom dokumentasjon i nasjonalt velferdsteknologi-program ser ein at bruken av velferdsteknologi kan medverke til å redusere ressursbruka og dermed auke omsorgs-kapasiteten. Det krev omstilling i tråd med NOU 2023/4; Tid for handling – personellet i en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste.

Prosjektet Smart velferdsregion Nord-Gudbrandsdal skal:

- vere ein pådrivar for auka samarbeid og regional samordning av satsingar innanfor velferdsteknologi
- vere eit bidrag til samordning av pågåande tiltak og prosjekt
- sørge for at velferdsteknologi blir ein integrert del av tenestetilbodet
- vere eit bidrag til bygging av kompetanse og kartlegging av behov innanfor velferdsteknologi



- auke samarbeidet med friviljuge organisasjonar/pårørande/akademia

Kommunane i Nord-Gudbrandsdalen skal gjennomføre «Smart velferdsregion»-prosjektet både i fellesskap, og kvar for seg gjennom ein felles framdriftsplan. Dette vil også vere ramma for arbeidet vårt framover for å nå måla i prosjektet.

Dette er satsingsområda framover:

Digital helsekompetanse

Digital helsekompetanse refererer til evne til å søke etter informasjon digitalt, til generelle digitale ferdigheter, og korleis innbyggjarane og tilsette er førebudde på å ta i bruk digitale helsetenester. Ved å auke den digitale helsekompetansen vil vi kunne ta ut potensialet for effektivisering, kvalitet og samhandling for heilskaplege tenester på fleire områder, og spesielt innanfor helse- og omsorgssektoren. Vi vil i prosjektet «Samhandling for økt digital helsekompetanse» sette inn tiltak for å auke den digitale helsekompetansen i regionen. Det er ei forutsetning for å lykkast med innføring av velferdsteknologi og andre digitaliseringstiltak for ein effektiv og god helse- og omsorgssektor.

Velferdsteknologiens ABC og etterutdanning i demens og alderspsykiatri er to av kompetanse-tiltaka i Smart Velferdsregion. Totalt 76 tilsette gjennomførte desse kompetansetiltaka i 2023. Smart Velferdsregion har ein utstyrskoffert med ulike velferdsteknologiske hjelpemidlar. Denne har prosjektleiar og tilsette vist fram på friviljugsentralane, eldredagar og for tilsette. Noko av utstyret er medisindispensarar og vartiesensor for institusjon, medan det meste av utstyret er hjelpemidlar innbyggjarar kan skaffe seg sjølve for å forebygge ueheldige hendingar samt tilrettelegging for meistring og tryggheit i eigen heim. Smart Velferdsregion har i 2023 vore på studietur i Århus med prosjektgruppa. Prosjektgruppa består av representantar frå kvar kommune. På studieturen fekk vi innføring i korleis Danmark og

Århus har arbeidd for å implementere velferdsteknologi og tenestutvikling.

Barn, unge og vaksne med medfødt eller tidleg erverva funksjons-nedsettingar

Vi ønskjer med denne satsinga å kunne vidareutvikle eit betre tenestetilbod til barn, unge og vaksne med medfødt eller tidleg erverva funksjonsnedsettingar. Vi har kartlagt behovet i regionen for ei satsing innanfor dette området og ser at det er eit behov for medveten satsing, særleg innan barn og unge. Det må arbeidast offensivt og målretta for at alle skal bli inkludert i samfunnet. Det krev at ein arbeider på tvers av sektorar og fag for heilskaplege tenestetilbod.

Forsking viser at implementering av velferdsteknologi til barn og unge med nedsett funksjonsevne gjev gevinstar i form av auka meistring, sjølvstendighet og normalisering, samt avlastning av føresette.

Velferdsteknologi bidreg også til at barn, unge og



vaksne med funksjonsnedsettingar er aktive deltakarar i eit digitalt samfunn.

Det har i 2023 vore arbeidd mykje med heilskapleg tenestemodell i kommunane. Heilskapleg tenestemodell er særskilt viktig for å lykkast med overgangen frå prosjekt til drift. I modellen er det tydeleg rolle- og ansvarsavklaring.

2.6.2. Digital heimeoppfølging

Regionane Nord-Gudbrandsdal, Valdres og Sør-Østerdalen er dei regionane i Innlandet som har lågast alders bereevne. I tillegg har regionane spreidd busetting, store avstandar og sårbare kompetansemiljø innanfor helse og omsorg. Det krev at vi omstiller måten vi arbeider på slik at vi greier å oppretthalde omsorgskapasiteten framover. Da er det viktig at vi arbeider strategisk og målretta med det.



I 2022 søkte region Nord-Gudbrandsdal som vertssregion på midlar frå helsedirektoratet for deltaking i spreiingsprosjektet Digital heimeoppfølging og var einaste søkeren i Innlandet som fekk midlar til prosjektet. Region Nord-Gudbrandsdal er vertssregion for dette prosjektet på vegne av 18 kommunar. Sjukehuset Innlandet er samarbeidspart i prosjektet.

Formålet med helseregionsamarbeidet og innføringsprosjektet er å sikre ein berekraftig helseteneste og styrke kvaliteten på helse- og omsorgstenestene for kronisk sjuk gjennom innføring av digital heimeoppfølging. Målgruppa er pasientar med kronisk sjukdom.

Gjennom prosjektet er målet at menneske med kronisk sjukdom skal kunne bu og fungere

sjølvstendig i eigen heim, samtidig som ein skal forebygge funksjonsfall, forverring og behov for re-innleggingar. Menneske med kroniske sjukdomar skal oppleve betre livskvalitet og få meir innsikt i eigen helse og sjukdom. Eit mål i prosjektet er også at ein skal skape heilskaplege og kostnadseffektive pasientforløp, og dermed berekraftige helse- og omsorgstenester. Ved innføring av digital heimeoppfølging til målgruppa, vil ein oppdage overføringsverdi og utviding til andre brukargrupper. Forankring og innsiktsarbeid har vore ei av milepælane prosjektet har arbeidd med i 2023. Det er særslig gledeleg at vi no har begynt å pilotere ute i kommunane.

2.6.3. Innovasjonsverkstad for helsetenester

Sel kommune har sidan 2022 arbeidd med å etablere ein regional innovasjonsverkstad for kommunane i Nord-Gudbrandsdal. Verkstaden skal leggja til rette for auka samhandling, samarbeid og innovasjon mellom kommunane i regionen og HelseINN, Sjukehuset Innlandet og Innlandet fylkeskommune.

HelseInn har verkstadar for innovasjon og samhandling på Hamar, Elverum, Lillehammer og Gjøvik, og ynskjer no å etablere ei node i Nord-Gudbrandsdalen. Sel kommune er vertskommune for etablering av innovasjonsverkstaden. Innovasjonslabben skal leggje til rette for auka samhandling, samarbeid og innovasjon mellom kommunane i regionen, Sjukehuset Innlandet, Innlandet fylkeskommune og HelseINN. I tillegg skal innovasjonslabben bidra til nøytrale

møteplassar der aktørar frå det offentlege, private og friviljug sektor har ein nøytral møteplass der mellom anna innovasjon, forsking og kompetansebygging er noko av aktivitetane.

I 2023 vart det inngått samarbeid med Innlandet fylkeskommune og lokalane til klimalabben på Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule, avdeling Otta skal nyttast til innovasjonslabben. Interkommunalt politisk råd har ansvaret for prosjektleiing og koordinering.

3. Satsingsområde 2 – KOMMUNIKASJON OG INFRASTRUKTUR

3.1. Nasjonal Transportplan 2025-2036

*Nasjonal transportplan (NTP) 2022–2033 vart lagt fram av regjeringen Solberg 19. mars 2021.
Nasjonal transportplan (NTP) 2025 – 2036 blir lagt fram våren 2024.*

NTP 2025-2036 - Fornya innspel etter fylkestingets vedtak av 21.02.23

Regionstyret behandla saken i møte den 05.05.23, sak 7/2023 og vedtok å gje følgjande innspel:

E6 og E136 som viktige ferdsselsårer får svært hard konkurranse om å bli prioritert. Fullføring av Stortingets vedtak (lovnad) fra januar 2013 (stortingsproposisjon 51S) om samanhengende utbygging Ringebu-Otta. Prosjektet Ringebu-Otta må tas inn att i NTP.

Vidare må det vera eit viktig samfunnsmål å betre kommunikasjonen og sikkerheita, aust-vest på Rv

15 og oppretthalde god kvalitet på fylkesvegnettet. Løfte fram Rv 15 med nye tunnelløysingar, valt konsept B1. Det er viktig ta vare på internasjonale forpliktingar i vegutbygging: vi har vegstrekker og planlagde utbyggingar som vil bety ei vesentleg betring for villreinstamma i Reinheimen og Breheimen nasjonalparkar.

Med ny tunelløysing vil det bli mogleg å binde saman desse nasjonalparkane for å ta omsyn til villreinstamma. Dette momentet må ein ta vare på i prioritering av utbyggingar da det vil bety mykje for ei sårbar villreinstamme, jf. Kvalitetsnorm for villrein.

3.2. El-fly

Med bakgrunn i konklusjonar i 2022 har ein i 2023 prøvd å vidareføre dialogen med Widerøe, samtidig som ein har følgt med i generell utvikling.

Widerøes program for framtidige luftfarts-løysingar er sett i verk noko seinare enn opprinnelig planlagt, men det verker mot slutten av 2023 å ha framdrift. Manglande framdrift i dette programmet, og dessutan at det vil ta noko tid før ein har teknologi å visa til som kan koblast mot samferdselsbehovet i regionen, gjer at 2023 har vore eit mellomår i arbeidet. Stor ressursbruk


i ei fase der teknologien ikkje har kome langt nok, blir ikkje rekna som formålstenleg.

Planen er å følgje opp utviklinga inn i 2024, slik at ein kan setja i verk litt meir omfattande arbeid med saka når teknologi og andre forhold, inklusive Widerøes program, gir grunnlag for det.

3.3. Breiband

Status breiband Nord-Gudbrandsdalen 2023

Regionrådet har i tett samarbeid med dei seks kommunane i fleire år arbeidd målretta mot å få full breibandsdekking. I 2021 vart det frå nasjonalt hald sett opp ei målsetjing om at alle husstandar i Noreg skal ha tilgang til breiband med kapasiteten 100/10 Mbit/s innan utgangen av 2025. Innlandet fylkeskommune har tilsvarende mål i strategien sin. Regionrådet har avtale med ekstern konsulent om støtte til utarbeiding og koordinering av søknader om offentleg støtte, deltaking i forhandlingar ved konkurransar, planlegging og forprosjektoppfølging av pågåande utbyggingsprosjekt. Konsulenten arbeider saman med ein kontaktperson i kvar kommune og rapporterer til dei og dessutan til dagleg leiar i IPR.



Mottekne offentlege støttemidlar frå 2014 til 2023

Regionen har totalt sidan oppstart i 2014 av den statlege ordninga med støtte til breibandsutbygging, totalt motteke nesten 40 millionar til utbygging. Oppland fylkeskommune og Innlandet fylkeskommune (frå 2020), har tildelt regionen nesten 12 millionar i støtte.

År	Kommune	Fylkeskommunal støtte	Statleg støtte
2015	Alle seks kommuner	Kr 0	Kr 15 300 000
2018	Alle seks kommuner	Kr 3 100 000	Kr 796 983
2019	Alle seks kommuner	Kr 6 000 000	Kr 2 915 455
2020	Sel	Kr 0	Kr 7 224 000
2021	Dovre, Lesja, Vågå	Kr 2 783 830	Kr 6 398 150
2022	Dovre, Vågå	Kr 0	Kr 3 740 000
2023	Dovre, Lesja, Lom, Vågå	Kr 56 632	Kr 2 963 368
Totalt		Kr 11 940 962	Kr 39 337 956

Dekning 2023

Dekningstal innhenta medio 2023 av Nasjonal kommunikasjonsmyndighet og tal fra fylkeskommuna per desember 2023, viser at dekning på kommunenivå er slik:

Kommune	Tilgang 100 Mbit/s Nkom	Estimert dekning ved ferdigstilte prosjekt
Skjåk	99,5 %	99,99 %
Lom	97,1 %	99,99 %
Sel	81,4 %	97 %
Vågå	84,2 %	99,99 %
Dovre	87,3 %	99,99 %
Lesja	54,6 %	99,99%

Status på prosjekt

Prosjekt som blir køyrd av Global Connect har vorte forseinka , og blir ferdigstilte før hausten 2024. Forseinkingar kjem i hovudsak av manglande på levering av tilgang til felles infrastruktur med Fjellnett, og at det tek tid å få løyve frå BaneNor på kryssing av jernbane. Kundar blir kopla opp fortløpande første halvår. I Sel kommune er det eitt område som ikkje vil få tilbod om fiber frå Global Connect då det ikkje har vore mogleg å få løyve frå grunneigarar til framføring av fiberen. Denne avgjerala er teken i samarbeid med kommunen. Kostnadene ved ei alternativ løysing er ikkje realiserbare.

I juni vart det inngått kontrakt med Eidsiva Bredbånd for utbygging til dei rundt 350 husstandar som fekk støtte i 2021, og ved årsskiftet 2022/2023 låg 68 husstandar til ute på anbod. Det er også her inngått kontrakt med Eidsiva Bredbånd. Desse prosjekta er inne i detaljplanleggingsfasen og graving vil starta våren 2024.

Dei «siste» områda i Dovre, Lom, Lesja og Vågå har vore kunngjord med frist i slutten av desember. Her blir det signert kontrakt med Eidsiva Bredbånd med unntak av Vågå kommune som ikkje fekk noko tilbod. Her vil det blir sett på

mogleg løysingar innanfor dei økonomiske rammene som finst.

Eidsiva Bredbånd som byggjer ut i fleire område med støtte attende frå 2018, har ikkje ferdigstilt alle delprosjekta enda. Forseinking kjem i hovudsak av årsaker som ligg utanfor kontrollen deira. Nye krav som eigalar av straumnett må ta omsyn til, medfører eit større omfang av oppgraderingar av lågspent- og høgspentnettet enn det som var teke inn i opphavlege prosjektplanar. Kundar som har inngått kontrakt har moglegheit for å heva denne utan gebyr då det har gått uforholdsmessig lang tid frå kontraktsinngåing utan at breibandet er leverte.

Vidare planar

Det står att ca 80 husstandar i regionen som det per i dag ikkje er konkrete planar for. Majoriteten av desse ligg i Sel kommune. Regionrådet/Sel kommune planlegg å senda søknad om breibandstøtte til Innlandet fylkeskommune i 2024 til utbygging også til desse husstandane under føresetnad av at desse er støttegodkjend.

Regionrådet meiner derfor at Nord-Gudbrandsdalregionen har høve til å nå målet om eit tilbod på 100 Mbit/s til alle innbyggjarane sine innan 2025.

4. Satingsområde 3 – ATTRAKTIVITET

4.1. Arbeid og bustad

4.1.1. Boligtorget Nord-Gudbrandsdal

Kva er Boligtorget Nord-Gudbrandsdal?

Boligtorget i Nord-Gudbrandsdal er ei offisiell Facebook-gruppe som er administrert av Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal. Her kan dei som ønsker å selje eller leige ut ein bustad, og dei som er på utkikk etter ein stad å bu, enkelt koma i kontakt med kvarandre.

Kvífor Boligtorget Nord-Gudbrandsdal?

Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal arbeider aktivt med å gjere det enklare for tilflyttarar og andre å oppfylle bustaddraumen sin. Målet er at det skal bli enklare å finne seg ein stad å bu i Nord-Gudbrandsdalen.

Mange ynskjer å flytta til Nord-Gudbrandsdalen, men det kan vera ei utfordring å finna eigna bustad. Samtidig veit vi at det finns mange eigedomar som ofte går «under radaren», og ikkje kjem ut på den opne marknaden.

Boligtorget gjer terskelen lågare for å leggje ut eigedomar på den opne marknaden, og skal fungera som eit brukarvenleg "torg" som gjer det enkelt for både kjøparar og seljarar å kome i kontakt med kvarandre.

Kven kan bruke Boligtorget Nord-Gudbrandsdal?

- Alle som har, eller kjem til å ha ein bustad til sal eller leige i Nord-Gudbrandsdalen
- Interessentar som er på utkikk etter å kjøpa eller leige ein bustad i Nord-Gudbrandsdalen
- Meklarar som formidlar bustader i Nord-Gudbrandsdalen

- Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal og kommunane i Nord-Gudbrandsdalen kan leggje ut informasjon om ledige tomter

Korleis bruke Boligtorget Nord-Gudbrandsdal?

- Finn «Boligtorget Nord-Gudbrandsdal» på Facebook og meld deg inn i gruppa
- Viss du skal selje/leige ut: Opprett ein post med informasjon om kva slags eigedom det er snakk om, dato for overtaking, prisforslag, plassering og informasjon om tilstand. Ei bustadannonse vekkjer nysgjerrigkeit og er beskrivande for eigedomen. Det er tilrådd å leggje ved gode bilde av objektet som skal seljast/leigast ut
- Det er greitt å leggje ut om ein berre vurderer å selja eller leige ut
- Om du ynskjer å kjøpe/leige bustad: Lag ein post som beskriv kva du er på jakt etter, prisklasse, ynskje om beliggenheit, og ynskje om dato for flytting/overtaking
- Det er tillatt å dele bustad/tomte-annonsar fra Finn.no på gruppa

4.1.2. "E æ aktiv, æ du?"

Prosjektet starta opp i 2013 og har som mål å få etablert eit varig aktivitetstilbod for born og ungdom med ulike funksjonsnedsettingar og som treng tilrettelagt aktivitet.

Dette er eit aktivitetstilbod for ungar og ungdom i Nord-Gudbrandsdal med spesielle behov, og som fell utanfor anna organisert aktivitet. Gruppa organiserer aktivitetsdagar, der målgruppa er barn og ungdom opp til 26 år i Skjåk, Vågå, Lom, Sel, Dovre og Lesja.

Prosjektet skal skape eit aktivitetstilbod for barna og ein møteplass for pårørande i alle 6 kommunane. Foreldre/føresette og sysken har difor også vore invitert med på aktivitetsdagane. Målet er at alle får ei positiv oppleving i eit fellesskap.

I 2023 arrangerte gruppa sju aktivitetar, ein av desse, saman med DNT Gudbrandsdalen. Jamt over har det vore godt oppmøte på aktivitetane, noko som tydeleggjer at tilboden er populært, kjent og etablert for målgruppa. I 2023 måtte tre av aktivitetane avlysast av forskjellelege årsaker. Totalt har det vore 34 personar med på aktivitetane. Gruppa arbeider aktivt med å nå nye



deltakarar både ved direkte kontakt, via samarbeidspartar og annonsering på Facebook.

I tillegg til aktivitetar, blir det arrangert temakveldar for foreldre/føresette. I 2023 hadde vi en temakveld på Aktivitetshuset Otta med tema "Overgang til vaksenlivet". Totalt var det 20 stk. som deltok.

Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal har ansvar for oppfølging og leiing av prosjektet. Det er etablert ei styringsgruppe der det er foreldre til barn med spesielle behov, helsejukepleiarar og kommunefysioterapeutar frå alle kommunane som deltek.

Gruppa ynskjer å TAKKE Interkommunalt politisk råd for støtta vi mottek.

I 2023 vart desse aktivitetane planlagt arrangert:

- 26. februar: Symjing i Heidal
- 11. mars: Aking og skileik på Mårn, Vågå
- 16. april: Aktivitetsdag på Formoseter, Hørringen, Sel
- 20. august: Riding Chamonistallen, Lesja
- 10. september: Ute- og sykkeldag ved Grimsdalshytta, Dovre
- 8. oktober: Utedag ved Bånngråttjønn, Skjåk
- 3. desember: Gardsbesøk på Graffer i Lom

Styringsgruppa:

- | | |
|--------------------------------------|---|
| - Elisabeth Lunde | Skjåk kommune |
| - Anita Nyhus | Forelder Skjåk |
| - Sivert Jonassen | Lom kommune |
| - Hege Bestum | Vågå kommune |
| - Kjersti Sørhaugen | Sel kommune |
| - Cecilie Asp | Forelder Sel |
| - Ingvild Haugom/ Elin Beate Galstad | Dovre kommune |
| - Aasta K. Bjorli | Bjølverud |
| - Stian Høglien | Lesja kommune |
| | Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal |

4.1.3. Stillingsleppet og Lærlingsleppet 2023



Målet med stillings- og lærlingsleppet er mellom anna å trekke til seg og behalda fleire innbyggjarar i Nord-Gudbrandsdal. Bidra til at bedrifter og kommunale verksemder får auka marknadsføring/synlegheit rundt stillingane sine, og dermed fleire søkerar. Synleggjere mangfaldet i arbeidslivet i Nord-Gudbrandsdal og bidra til at det blir satt fokus på lærlingplassar og yrkesfagutdanning.

Stillings- og Lærlingsleppet og jobbmessen vart arrangert torsdag 9. februar.

I løpet av dagen vart det gjennomført fleire aktivitetar på Otta. Dagen starta med Arbeidslivsdag for elevane på Nord-Gudbrandsdal Videregåande skule, med elevaktivitetar og informasjon frå sju opplæringskontor og næringsapparatet i regionen. Etter det var det direktesending og nedtelling til Stillings- og lærlingsleppet, som også vart vist på storskjerm i kultursalen.

Mellan kl. 12.00 – 14.00 vart det gjennomført Jobbmesse i regi av NAV, der 22 lokale bedrifter deltok. Mange jobbsøkjarar og komande lærlingar møtte opp, og vi observerte mange gode samtaler rundt borda.

For å marknadsføra arrangementet i sosiale medium brukte vi tre forskjellige lokale aktørar. Det var Trollbinde frå Dombås, Haus frå Skjåk og Nasjonalparkriket Reiseliv på Otta.

Stillingssleppet 2023 vart rekordstort, med over 700 ledige jobbar (mot 600 i 2022) og 81 læreplassar gjennom læringsleppet.

Sommarjobbar utgjer størsteparten av dei ledige stillingane, med 390 stillingar (55 %). Det vart publisert 170 faste stillingar (24 %), mot 155 faste stillingar i 2022.

Svar frå bedriftene - Stillingssleppet

- Dei største bransjane er restaurant og reiseliv (27 %), industri (20%) og helse og omsorg (17%).
- 65 % av arbeidsgjevarane svarte at dei er "svært" eller "ganske fornøgd" med gjennomføringa av Stillingssleppet 2022 (mot 64 % i 2021). 8 % er "ganske misfornøgd" og 2 % er "svært misfornøgd".
- 31 % av arbeidsgjevarane svarte bekreftande på spørsmål om deltaking i Stillingssleppet bidrog til tilsetting av nye medarbeidarar.
- 80 % av arbeidsgjevarane opplyser at det er "svært sannsynleg" eller "ganske sannsynleg" at dei kjem til å delta i eit framtidig stillingsslepp (mot 74 % i 2021).

Svar frå bedriftene – Lærlingsleppet

- Dei største bransjane er industri (31%), restaurant og reiseliv (22%) og helse og omsorg (21%).
- For læringsleppet er 43% av bedriftene "svært" eller ganske fornøgd". 0% er "ganske misfornøgd" og 5% er "svært misfornøgd".
- Berre 5% av bedriftene svarte bekreftande på spørsmål om deltaking av Lærlingsleppet bidrog til tilsetting av nye lærlingar.
- 74 % av bedriftene opplyser at det er "svært sannsynleg" eller "ganske sannsynleg" at dei kjem til å delta i eit framtidig læringslepp.

Arbeidsgruppa for stillings- og lærlingsleppet/jobbmessen i 2023 var:

- | | |
|-------------------------------|---|
| - Kristin Haave/Stian Høglien | Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal |
| - Camilla Coldevin | Lesja kommune |
| - Steinar Tolf Jacobsen | Dovre kommune |
| - Torfinn Stenersen | Sel kommune |
| - Live Brimi | Vågå kommune |
| - Åshild Myhre Amundsen | Lom kommune |
| - Sølvli Lemstad Hiller | Skjåk kommune |
| - Bjørg Aasen Vole | Opplæringskontoret Gudbrandsdal |
| - Ingvill Høgvoll | Opplæringskontoret Gudbrandsdal |
| - Bård-Atle Fuglum | Nord-Gudbrandsdal Videregående skule |
| - Arne Mæhlum | NAV |
| - Jan Roger Bøe Øien | Karriere Innlandet Gudbrandsdal |



Frå Jobbmessen



Frå arbeidslivsdagen med elever frå NGVGS



Frå direktesendinga

4.1.4. Forprosjektet «Styrket frivillighet i Nord-Gudbrandsdal»

Hovudmålsetjinga med forprosjektet var korleis vi skulle halda oppe bredda i tilbod og sosiale arenaer når føresetnadene blir endra så mykje og så raskt.

Delmålsetjingar var:

- Styrke kunnskap og medvit om utfordringar knytt til rekruttering av frivillige til idrett og frivillige organisasjonar
- Styrke kunnskap og medvit om korleis det frivillige kan tilby allsidig fritidstilbod i en situasjon med negativ befolkningsutvikling
- Definere tiltak som kan setjast inn for å avhjelpe endra føresetnader for frivilligheita i form av negativ befolkningsutvikling og aldrande befolkning.
- Oppstart av eit pilotprosjekt i 2024
- Involvere og gi alle frivillige lag og foreiningar i heile regionen moglegheit til å medverka i prosjektprosessane

Formålet med forprosjektet var:

- Tenkja innovativt rundt organisering, utvikling og tilrettelegging av fritidstilbod for barn og unge i kommunar og lokalsamfunn med kraftig nedgang i fødselstal, som har som konsekvens små årskull, færre barn og unge og færre frivillige.
- Leggja grunnlaget for eit pilotprosjekt, der tiltak som er arbeidd fram i forprosjektet, kan prøvast ut i praksis

Representant frå frivillige i Lom og Skjåk tok kontakt med administrasjonen i Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal (IPR) om problemstillinga med å halde oppe fritidstilbodet for barn og unge

For å skape god forankring i det frivillige vart det teke initiativ til at idrettsråd og dei største idrettslaga i regionen vart kontakta med førespurnad om å bidra inn i forprosjektets referansegruppe. Sel idrettsråd, Vågå idrettsråd, Vågå idrettslag og Otta idrettslag takka ja til å delta.



Foto: Cathrine Dokken

Forprosjektet tok kontakt med 28 ulike lag og foreiningar i Vågå og Sel for å involvera desse i forprosjektets kartleggingsundersøking (SWOT-analyse). Kartleggingsundersøkinga bestod av 6 spørsmål og vi fekk 41 svar.

Vi gjennomførte Workshop på Otta og i Vågå der alle frivillige lag og foreiningar vart inviterte saman med NAV, flyktingtenesta, helsestasjonane og ungdomsråda.

Kva for nokre konkrete tiltak som det skal arbeidast med i eit pilotprosjekt har kome fram etter ein nøyne gjennomgang av kartlegging, Workshops og diskusjon i referansegruppa. Prosjektleiing, referansegruppe og styringsgruppe har konkludert med at desse tiltaka blir prioriterte inn i eit pilotprosjekt:

- Felles dugnader
- Felles frivilligdag/festival
- Felles opplæring
- Samarbeid mellom skole/SFO/lag og foreiningar
- Frivilligråd
- Digital marknadsføring
- Frivilligapplikasjon



Foto: Eirik Førde

Gjennom perioden har vi sett på relevant forsking og innhenta erfaringar og døme på idear og tiltak gjennomført andre stadar i landet, som gir oss eit godt grunnlag for å arbeide vidare i eit pilotprosjekt.

Med et pilotprosjekt vil frivilligheita og dermed kommunane i regionen få eit sterkt fokus på:

Samarbeid mellom frivillige lag og foreiningar og kommunen, under dette også friluftstiltak
Digitale løysingar til hjelpe for frivilligheita – synleggjering og marknadsføring
Deltaking for alle uansett økonomi

Et pilotprosjekt og arbeid med tilhøyrande konkrete tiltak vil svara direkte på utfordringar som rammar brorparten av frivillige organisasjonar i regionen og bidra til konkret oppfølging av desse utan å til leggja kommuneadministrasjonane i regionen meir ansvar og fleire oppgåver. Med pilotprosjektet blir derimot fleire sentrale utfordringar løyst regionalt og i samarbeid mellom frivilligheit og pilotprosjektet, utan at kommunane blir belasta økonomisk ut over bidrag til drift av IPR.

Representantskapet vedtok i desember 2023 å starte opp med eit pilotprosjekt hausten 2024 etter at det blir gjennomført ein søknadsrunde om finansiering første halvdel av året.

Referansegruppa bestod av:

Prosjektleder:

Stian Høglien

Regionkonsulent i IPR

Prosjektmedarbeidar/sekretær:

Pål Erik Heimstad

Innlandet Idrettskrets

Kjersti Rønning Huber
Julie Rennesund
Vidar Elda
Øistein Formo
Mona Sveen
Rolv Myrum
Rune Bjørnsrud
Mette Josten

Innlandet Fylkeskommune
Daglig leder i Vågå IL
Leder i Vågå Idrettsråd
Tessand IL
Vågå kommune
Daglig leder i Otta IL
Leder i Sel Idrettsråd
Sel kommune

4.3. Ung i Nasjonalparkriket

Hovedmål for Ung i Nasjonalparkriket er å skape aktivitetar som er med på å auke attraktiviteten gjennom mellom anna å gjere det betre å bu, leva, arbeide og utdanne seg i Nord-Gudbrandsdal. Det er viktig å skape eit mangfold på trygge arenaer der ungdom kan vise sine kreative evner, få inspirasjon av andre og inspirere til innovasjon og gründerskapstanke.

Samarbeidspartnarar er i hovudsak

- Ungdomsrådssekretærer/koordinatorar i kommunen
- Ugt Entreprenørskap Innlandet
- Ungdoms- og vidaregåande skular
- Privat næringsliv

Nord-Gudbrandsdal er den regionen som har størst folketalsnedgang, og det er viktig å ta ungdom inn i prosjekt som inspirerer til å bli aktive samfunnsmedlemmar, tenkje nytt og skape verdiar. Vidare er det viktig å støtte eksisterande ungdomstiltak i kommunane. Tiltaka skal vera i tråd med Innlandet fylkeskommune og

Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal sine strategiar.

Ung i Nasjonalparkriket prioriterer å støtte ungdomstiltak som er i tråd med Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal sine strategiar. Kommunane har fått moglegheit til å melde kva slags tiltak dei planlegg gjennom året, og må gje tilbakemelding med ein liten rapport fra gjennomføringa.

Med dette kan ungdomane få moglegheit til å vise sine kreative sider på trygge arenaer, og skape ein identitet som gjer dei stolte av kommunen og regionen sin.

Prioriterte oppgaver i 2023 har vore:

4.3.1. Regionmesse for elevbedrifter i Nord-Gudbrandsdal



Årets regionmesse/elevbedriftsmesse vart arrangert i Otta kulturhus og Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skole, avd. Otta den 21. april. 20 elevbedrifter med tilsaman 95 elever deltok på messa. Totalt 5 ulike juryar var sett saman av

representantar fra det private næringsliv og kommunane, og dei vurderte bedriftene i 5 kategoriar. Tre elevbedrifter gjekk vidare til fylkesmessa på Hamar den 6. juni.

4.3.2. Ung i Reiselivet



Ung i Nasjonalparkriket er medarrangør i eit 2-årig rekryteringsprosjekt for utvalde ungdomsskuleelevar i Nord- og Midt-Gudbrandsdal. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Opplæringskontoret Brimi-kjøken, Lærlingkontoret Gudbrandsdalen, lokale reiselivsbedrifter, Gudbrandsdalsmat og Nord-Gudbrandsdal videregående skole.

"En drømmedag" vart gjennomført for ungdomane våren 2023. Dei fekk arbeide ein dag i ei reiselivsbedrift og drive vertskapsoppgåver saman med reiselivs-medarbeidarar. Nokon fekk i oppdrag å lage dagens meny saman med fagutdanna kokk. Dagen vart avslutta på Vianvang hos Arne Brimi, der elevane inviterte gjestar til eit godt måltid.

4.3.3. Ung Kultur Møtes (UKM)

UKM er eit interkommunalt samarbeid med eiga styringsgruppe, og som Ung i Nasjonalparkriket støtter med eit økonomisk bidrag. UKM 2023 gjekk av stabelen i Otta kulturhus 17.-19. februar. Det var to seniormönstringar (13-21 år), og ei juniormönstring (10-12 år).

UKM er ein arena av og med dei unge, så det vart hyra inn unge vaksne i alle ledd i produksjonen (prosjektleiar, produsent, media, streaming). I 2023 deltok 230 ungdomar.

4.3.4. Ungdomsmusikalen Nord-Gudbrandsdal

Arbeidet med ungdomsmusikalen har vore lagt på "is" i 2023. Grunnen til det er at vi ville sjå på organisasjonsform, og gjere ein innsats for å knyte til oss aktørar som har kapasitet og kompetanse til å ta ansvaret som produsent. Fleire aktuelle aktørar vart kontakta, men ingen kunne ta på seg oppdraget i 2023.

Ein vil arbeide vidare for å få til ein aktivitet i løpet av 2024.



4.3.5. Ungdomsrådkonferanse for Nord-Gudbrandsdal 2023



Årets ungdomsrådsamling vart arrangert 25.-26. oktober. Alle dei 6 ungdomsråda i Nord-Gudbrandsdal var saman i Otta kulturhus i 2 heile dagar med sosialt samvær og overnatting på Thon Hotel Otta.

Medborgerskolen hadde det faglege innhaldet, og leia konferansen med teori og praktiske øvingar. Ungdomane fekk trening i konstruktiv og tydeleg kommunikasjon.

Ordførarar og representantar fra media vart invitert til delar av samlinga, og ungdomane fekk øve på å framføre argument for og mot i politiske

saker, vurdere årsak, konsekvensar og moglege tiltak.

Konferansen var ein god arena for læring og erfaringsutveksling mellom ungdomsråda. Konferansen fekk god dekning i media i etterkant (NRK Innlandet, GD, Norddalen, Vigga og Fjuken).



4.4. Medlemskap i nettverk

Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal finansierer deltaking i

- Fjellnettverket
- Ungt Entreprenørskap
- HelseINN

4.4.1. Fjellnettverket

Fjellnettverket er eit politisk nettverk for fjellområda i Sør- og Midt-Norge. Det er ikkje eit eiga rettssubjekt. Fjellnettverket arbeider for levande og livskraftige bygder i fjellområda.

Fjellnettverket er pådrivar for ein politikk som sikrar at ressursar og verdiar i fjellområda gjev grunnlag for utvikling og trivsel i fjellbygdene.

4.4.2. Ungt Entreprenørskap

Dette er ein ideell, landsomfattande organisasjon som saman med utdanningssystemet, næringslivet og andre aktørar arbeider for å utvikle barn og unge sin kreativitet, skaparglede og tru på seg sjølv. Organisasjonen er ein brubyggar mellom skule og arbeidsliv.

politisk råd Nord-Gudbrandsdal og Ungt Entreprenørskap Innlandet å fremje kreativitet og entreprenørskap i skulen, samt knyte arbeidsliv og utdanning tettare saman. Avtala skal ivaretakast gjennom eit samarbeid om gjennomføring av Ungt Entreprenørskap sine program i skulane i den enkelte kommune.

Gjennom denne avtala ynskjer Interkommunalt

4.4.3 HelseINN

Helseinn er ei ideell foreining som består av partnarar fra offentleg, privat og frivillig sektor. Saman med kommunar, sjukehus, utdannings- og forskingsinstitusjonar, bedrifter og friviljuge organisasjonar arbeider dei saman for betre folkehelse og meir berekraftige helsetenester i Innlandet.

HelseINN tilbyr kurs og kompetanseheving innan innovasjon og tenesteutvikling, og støttar partnarane sin innsats for å styrke det lokale og regionale folkehelsearbeidet ved å:

- Fremje tverrsektorelt samarbeid og helsefremjande lokalsamfunn
- Sette fokus på aktuelle folkehelseutfordringar i Innlandet
- Bruke FN sine berekraftsmål som grunnlag for arbeidet



5. Regionalt samarbeid

5.1. Administrative samarbeidsorgan

Det er mange viktige tannhjul i det regionale samarbeidet. I vår region er det tett samarbeid på administrativt nivå mellom kommunane. Desse 6K-samarbeidene er premissleverandørar for mange av dei samarbeidsløysingane som blir etablerte. Fora er ikkje vedtaksorgan.

Ein stor del av sakene som kjem til politisk behandling både i regionråd og kommunestyrer i norddalens har vore drøfta i eit interkommunalt administrativt samarbeidsorgan. Leiar i kommunedirektørnettverket deltek i møtene i representantskapet og regionstyret. Dagleg leiar deltek i kommunedirektørnettverket og tidvis i 6K Næring.

Av interkommunale administrative samarbeidsorgan som er mest relevante for regionrådet har vi:

- Kommunedirektørnettverket
- 6K Helse
- 6K Næring
- 6K Oppvekst

5.2. Interkommunalt samarbeid

Samarbeidstiltak	IPR	Dovre	Lesja	Lom	Sel	Skjåk	Vågå	Organisert	Merknad
Regionrådet	■							§ 18	Eget rettssubjekt
RegionData			■	■	■	■	■	§ 27	Eget styre
Gudbrandsdalsmusea AS								AS	Nord- og Midtdalen
Attraktivitet	■								Tilflytting og ungdom
UKM-Ung Kultur Møtes			■	■	■	■	■	Samarbeid	
Sekretariat for kontrollutvalga i Nord-Gudbrandsdalen								§ 27	Eget styre, eget rettssubjekt
Innlandet Revisjon								IKS	
NGR - Interkommunalt renovasjonsselskap								IKS	
Felles innkjøpskontor			■	■	■	■	■	Vertskommune	Vågå
NGLMS - herunder:			■	■	■	■	■	Vertskommune	Sel
Felles legevaktsring og alarmtjenester			■	■	■	■	■	Vertskommune	Sel
Regional legevaktsring			■	■	■	■	■	Vertskommune	Sel
Sengeavdeling med KAD og intermediaære senger			■	■	■	■	■	Vertskommune	Sel
Felles jordmorvakt			■	■	■	■	■	Vertskommune	Sel
Hjelpepersonell spesialister			■	■	■	■	■	Vertskommune	Sel
Kreftkoordinator					■	■		Prosjekt	Sel og Vågå
FACT								Samarbeid	Nav, DPS Lhmr
Helseregion								Partnerskap	SI
Karriere Oppland Gudbrandsdal								Innlandet fylke	Nord- og Midtdalen
6 K Helse, 6 K Skole, 6 K Næringsliv, 6 K Personal/økonomi								Samarbeid	Drøftingsorgan
Kommunedirektørnettverket								Samarbeid	Drøftingsorgan
Fjellnettverket	■							Medlemskap	Regionrådet
Nasjonalparkkommuner og Nasjonalparklandsbyer			■	■	■	■	■	Forening	Norsk Fjellmuseum
NAV - Gjeldsrådgivning			■	■	■	■	■	Vertskommune	Sel
NAV - regional modell			■	■	■	■	■	Partnerskap	
Geodatasamarbeid - NGGIS			■	■	■	■	■	Vertskommune	Sel
PPT NG			■	■	■	■	■	Vertskommune	Sel
Nasjonalparkriket Reiseliv AS				■	■	■	■	AS	Samarbeidsavtaler
Eidefoss AS			■	■	■	■	■	AS	
Tilsyn i byggesaker					■	■	■	Vertskommune	Vågå
IKA Opplandene			■	■	■	■	■	Oppgavefellesskap	
Gudbrandsdal Krisesenter IKS			■	■	■	■	■	IKS	Lillehammer
GDPR			■	■	■	■	■	Vertskommune	§20-2 Lesja
Kulturskole			■	■	■	■	■	Vertskommune	Dovre
Kulturskole					■	■	■	Vertskommune	Skjåk
Barneverntjenesten					■	■	■	Vertskommune	Sel
Barneverntjenesten			■	■	■	■	■	Vertskommune	Lesja
Felles barnevernvakt			■	■	■	■	■	Vertskommune	Sel
Brannvern			■	■	■	■	■	Vertskommune	Dovre
Brannvern					■	■	■	Midlert. avtale	Vågå og Sel
Brannvern					■	■	■	Vertskommune	Skjåk
Felles landbrukskontor			■	■	■	■	■	Vertskommune	Lesja
Felles landbrukskontor					■	■	■	Vertskommune	Skjåk
Felles landbrukskontor					■	■	■	Vertskommune	Vågå
Skogbruksjef		■	■					samarbeid	Lesja
Skogbruksjef					■	■	■	Samarbeid	Vågå
IT-tjenester					■	■	■	Vertskommune	Skjåk
Psykolog			■	■	■	■	■	Vertskommune	Lom
Psykolog			■	■	■	■	■	Vertskommune	Dovre
Psykiatritjeneste				■	■	■	■	Vertskommune	Lom
Felles kulturkalender					■	■	■	Samarbeid	
Jora Miljøstasjon		■	■	■	■	■	■	Vertskommune	Dovre
Feiervesen		■	■	■	■	■	■	Vertskommune	Dovre

6. Økonomiske nøkkeltal

6.1. Økonomi og personell

Driftstilskudd frå kommunane 2023 - etter folketal				
Kommune	Lik del	% andel	Etter folketal	Sum
Lom kommune	175 000	12,34	129 596	304 596
Vågå kommune	175 000	19,95	209 438	384 438
Sel kommune	175 000	30,87	324 167	499 167
Dovre kommune	175 000	13,78	144 640	319 640
Lesja kommune	175 000	11,07	116 192	291 192
Skjåk kommune	175 000	12,00	125 967	300 967
Kontrollsummer	1 050 000	100,00	1 050 000	2 100 000

Budsjett partnarskapsfondet				
I tillegg legg Innlandet fylkeskommune inn kr 2,5 mill.				
	Lik del	%-andel	Etter folketal	Sum
Lom kommune	83 333	12,34	61 713	145 046
Vågå kommune	83 333	19,95	99 732	183 066
Sel kommune	83 333	30,87	154 365	237 698
Dovre kommune	83 333	13,78	68 876	152 209
Lesja kommune	83 333	11,07	55 329	138 663
Skjåk kommune	83 333	12,00	59 984	143 318
	500 000	100,00		1 000 000
			500 000	000

Bemannning 2023				
Navn	Stillingsstrl.	Kommentar		
Frode Damstuen	100 %	Dagleg leiar		
Stian Høglien	100 %	Regionkonsulent		
Kristin Haave	80 %	Regionkonsulent		
Iselin Vistekleiven	100 %	Prosjektleiar engasjement avslutta 01.11.		
Dag Erik Pryhn	100 %	Prosjektleiar engasjement avslutta 01.08.		
Marita Aaheim	100 %	Prosjektleiar engasjement		
Bjarne Eiolf Holø		Regionrådsleiar til valet hausten 2023		
Harald Sve Bjørndal		Regionrådsleiar konstituert i møte 15.12.23.		

6.2. Partnarskapsmidler

Vedtak i Representantskapet 16.12.23, sak PS 9/2022

Nr	Formål	Beløp
PF 1/23	Gudbrandsdalstinget	150 000
PF 2/23	Nærings- og samfunnsmessig interessearbeid	100 000
PF 3/23	Politisk interessearbeid	100 000
PF 4/23	Økonomisk støtte til prioriterte arrangement	600 000
PF 5/23	Nasjonal Transportplan 2025-2036	100 000
PF 6/23	Droner og droneteknologi	100 000
PF 7/23	El-fly	100 000
PF 8/23	Arbeid og bustad	700 000
PF 9/23	Styrka friviljugheit	70 000
PF 10/23	Kjøp av tjenester til profilering	120 000
PF 11/23	Podkasten "Hælt ekte"	100 000
PF 12/23	Ung i Nasjonalparkriket	270 000
PF 13/23	Ungdomsmusikalen	100 000
PF 14/23	Medlemskap i nettverk	250 000
PF 15/23	Lønsmidler dagleg leiar	500 000

7. Råd og utval

7.1. Representantskapet 2019 – fram til valet hausten 2023

Kommune	Navn medlem	Parti	Varamedlem	Parti
SEL				
	Eldri Siem	SP	Ingebjørg Uldalen	SP
			Gro Sandbu Randen	SP
	Pål Ellingsbø	SP	Erling Lusæter	SP
			Lars Ekre	SP
	Terje Jonny Sveen	AP	Karen Marie S. Aaseng	AP
			Marius Bismo	AP
LOM				
	Bjarne Eiolf Holø	SP	Trond Volden	BL
	Marit Sletten	SP	Rolv Enersvold	SP
	Kjell Brandsar	LL	Sigrun Garmo	AP
VÅGÅ				
	Harald Sve Bjørndal	BL	Steinar Aasgaard	BL
	Live Langøygard	AP	Geir Inge Stadeløkken	AP
	Anders Bjørnsen	SP	Mette Vårdal	SP
DOVRE				
	Astrid Skomakerstuen	Uavhengig	Magne Botten	AP
	Guri Ruste	DL	Magne Botten	DL
	Fred Arne Hessen	H	Elisabeth Dalum	SP
SKJÅK				
	Edel Kveen	SP	Håvard Krogstad Berger	SP
	Kristen Haugen Dagsgard	SP	Rannveig Brennhaug	SP
	Stig Erlend Banken	AP	Eva Therese Hyrve Bosmen	AP
LESJA				
	Mariann Skotte	SP	Ellen Sørumsågård Syse	SP
	Ellen Sørumsågård Syse	SP	Eirik Sæther	SP
	Per Arne Holseth	AP	Gry Sletta	AP
Innlandet fylkeskommune				
	Åge Solheim	Adm		
	Mari Gjestvang	SP		
	Bjørnar Tolla Jordet	SV		
Kommunedirektørforum				
	Elin Fjeldberg		Kommunedirektør Lom	

Representantskapet 2024 – 2027. Konstituert i møte 15.12.2023

Kommune	Navn medlem	Parti	Varamedlem	Parti
SEL				
	Eldri Siem	SP	Erling Lusæter	SP
			Semon Harerusten	SP
	Kjetil Eide	SP	Rosoll Ali	SP
			Pål Kristian Moen	SP
	Monica H. Eide	AP	Lars Vartkastad	SV
			Marius Bismo	AP
LOM				
	Kristian Frisvold	BL	Bjørn Ola Aukrust	AP
	Mari Synnøve Steinehaugen	AP	Sigrun Garmo	AP
	Kjell Brandsar	LL	Ragnhild Sjurgard	SP
VÅGÅ				
	Harald Sve Bjørndal	BL	Karola Wenzel	BL
	Aasta Røhr	SP	Marius Michael Haugaløkken	SP
	Gjermund Øihusom	AP	Svein Holen	SV
DOVRE				
	Magne Vorkinn	DL	Fred Arne Hessen	H
	Marthe Lyngstad Brenden	SP	Arnfinn Ruset	SP
	Jo Halgunset	AP	Ida Amvart Ruge	AP
SKJÅK				
	Edel Kveen	SP	Roger Haugen	SP
	Kristen Haugen Dagsgard	SP	Mogunn Synstnes	SP
	Morten Kielland	BL	Bernt Dahl	BL
LESJA				
	Mariann Skotte	SP	Ellen Sørumgård Syse	SP
	Audun Holsbrekken	H	Erling Lyftingsmo	SP
	Marita Lindbom Skotte	AP	Emil Nørstebø	AP
IFK				
	Vegard Riseng	H		
	Oluf Maurud	KRF		
	Åge Solheim	Adm		
Kommunedirektørnettverk				
	Odd Erik Sveen	Leder	Kommunedirektør Vågå kommune	
	Kristin Rønn Gårderløkken	Vara	Kommunedirektør Sel kommune	

7.2. Regionstyret

Medlem	Varamedlem	Kommune
Bjarne Eiolf Holø, leiar	Marit Sletten	Lom
Mariann Skotte	Ellen Sørumgård Syse	Lesja
Astrid Skomakerstuen	Guri Ruste	Dovre
Eldri Siem	Pål Ellingsbø	Sel
Edel Kveen	Kristen Haugen Dagsgard	Skjåk
Harald Sve Bjørndal	Live Langøygard	Vågå

Regionstyret 2024 - 2027

Medlem	Varamedlem	Kommune
Harald Sve Bjørndal, leiar	Aasta Røhr	Vågå
Mariann Skotte, nestleiar	Audun Holsbrekken	Lesja
Magne Vorkinn	Marthe Lyngstad Brenden	Dovre
Eldri Siem	Kjetil Eide	Sel
Edel Kveen	Kristen Haugen Dagsgard	Skjåk
Kristian Frisvold	Bjørn Ola Aukrust	Lom

7.3. Samferdselsutvalet 2019 - 23

Medlem	Varamedlem
Edel Kveen	Bjarne Eiolf Holø
Mariann Skotte	Astrid Skomakerstuen
Harald Sve Bjørndal	Eldri Siem
Roar Valbjørgrøløkken	
Ola Ulfsby Bottheim	
Unni Strand	

7.4. Næringsutvalet 2019 – 23

Medlem	Varamedlem
Anders Formo (Bondelagene)	Ole Bjørner Flittie (Bondelagene)
Eldri Siem	Pål Ellingsbø
Hanne Velure	Guri Ruste
Kjell Brandsar	Kristen Haugen Dagsgard
Trond Gutubø (Skogeigarlaget)	
Hanne Elisabeth Bakken (Bonde- og småbrukarlagene)	

8. Saker og møter

8.1. Representantskapet

Møtedato 17.03.

- OS 2023/1 Orienteringer og drøftinger
- Flomrespons
- Innovative anskaffelser og flomrespons
- Informasjon fra Innlandet fylkeskommune
- PS 2023/1 Godkjenning av møteprotokoll - Representantskapet 16.12.2022
- PS 2023/2 Referatsaker
- RS 2023/1 Svar på søknad om støtte til Eldrerådskonferanse for Nord-Gudbrandsdal i 2023
- RS 2023/2 Økonomisk støtte til å arrangere fagdag om økonomi i landbruket
- RS 2023/3 Tildelte midler til kultur- og naturbasert næringsutvikling 2023
- PS 2023/3 Høringsuttale - Regional plan for klima, energi og miljø
- PS 2023/4 Høringsuttale - Regional plan for samfunnstryggleik
- PS 2023/5 Årsmelding og årsregnskap 2022

Møtedato 16.06.

- PS 2023/6 Referatsaker
- RS 2023/4 Svar på søknad om støtte - Seterdag med fokus på gamle mattradisjoner
- RS 2023/5 Svar på innspel vedrørende revidering av viltlova frå styringsgruppa for prosjektet "Berekraftig sameksistens med sau og jerv i utmarka"
- RS 2023/6 Sluttbehandling 21.02.23 - Regional plan for det inkluderende Innlandet 2023-2026(2030)
- OS 2023/2 Orienteringar og drøftingar
- Orienteringer fra administrasjonen
- Informasjon fra Innlandet fylkeskommune
- PS 2023/7 Nytt innspel til tidlegare høringssvar om betre polititenester og beredskap

Møtedato 15.09.

- PS 2023/8 Referatsaker
- RS 2023/7 Svar på søknad om tilskudd til å arrangere "Natt på museet"
- RS 2023/8 Svar på søknad om støtte til teaterforestillingen Rostmø og Ridder
- RS 2023/9 Svar på søknad om støtte til møte med gårdbrukere for å informere om støtteordninger i landbruket (Hans 2023)
- OS 2023/3 Orienteringer og drøftinger
- Kommunedialog og framtidig skole- og tilbudsstruktur
- Informasjon fra Innlandet fylkeskommune

Møtedato 15.12.

- OS 2023/4 Orienteringer og drøftinger
- Fjellnett
- Norges Nasjonalparkkommuner
- Kompetansetilbud Karriere Gudbrandsdal
- Informasjon fra Innlandet fylkeskommune
- PS 2023/9 Spørsmål om å fråvike pkt. 10 Faste utval i "Samarbeidsavtale om Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal"
- PS 2023/10 Val av leiar og nestleiar for 2 år for Representantskapet for Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal
- PS 2023/11 Referatsaker
- RS 2023/10 Møteplan 2024
- RS 2023/11 Viljeserklæring og håndbok - Interkommunalt samarbeid i Nord-Gudbrandsdal
- PS 2023/12 Handlingsplan og budsjett 2024 - Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal

8.2. Regionstyret

Møtedato 10.02.

- OS 2023/1 Orienteringer og drøftinger
- Styrk Sel
- Viljeserklæring og håndbok for interkommunale samarbeidsområder
- "Tett på 2030"
- Div. orienteringer fra dagleg leiar

Møtedato 05.05.

- OS 2023/2 Orienteringer og drøftinger
- Orientering Universitetsregionprosjektet
- Matfylket
- Dialogmøte med politiet
- Folkehelseundersøkelsen
- PS 2023/5 Referatsaker
- RS 2023/1 Sluttbehandling 21.02.2023 - Regional plan for det inkluderende Innlandet 2023-2026(2030)
- PS 2023/6 Viljeserklæring og handbok for interkommunalt samarbeid (INSAM)
- PS 2023/7 NTP 2025 -2036 - Fornya innspell etter fylkestingets vedtak av 21.02.23

Møtedato 25.08.

- PS 2023/8 Viljeserklæring og håndbok for interkommunalt samarbeid (INSAM)
- PS 2023/9 Søknad om medfinansiering til prosjekt skole-tilbudsstruktur for Nord- og Midt-Gudbrandsdal
- OS 2023/3 Orienteringer og drøftinger
- Brev til Justis- og beredskapsdepartementen vedr. Statsbudsjett 2024 – Statstilskudd til Nasjonalt Kompetansesenter Fjellredning
 - Invitasjon til frikommuneforsøk
 - Desentralisert sjukepleie- og vernepleieutdanning
 - Rovdyr
- PS 2023/10 Innspill til utforming av ny partnerskapsavtale for valgperioden 2024-2027

Møtedato 15.09.

- PS 2023/12 Viljeserklæring og håndbok for interkommunalt samarbeid (INSAM) – organisering og finansiering

Møtedato 17.11.

- OS 2023/6 Orienteringer og drøftinger - Regionstyret 17.11.23
- Vedr. samarbeidsavtale om IPR Nord-Gudbrandsdal og val
 - Smart velferdsregion
 - Politikeropplæring for kommunalt råd for menneske med funksjonsnedsetting
 - Drøfting Handlingsplan 2024
 - Folkehelseundersøkelsen i Innlandet 2023
 - Bygdevekstavtale
- PS 2023/13 Skogsatsing - Nord- og Midt-Gudbrandsdal
- PS 2023/14 Møteplan 2024

8.3. Samferdselsutvalet

Møtedato 20.04.


- OS 2023/1 Orienteringer og drøftinger
- NTP 2025-2036 – Fornya innspel etter Fylkestingets vedtak av 21.02.23



Dovre
kommune



Lesja
kommune



Lom
kommune



Sel
kommune



Skjåk
kommune



Vågå
kommune



Innlandet
fylkeskommune



Interkommunalt
politisk råd

Nord-Gudbrandsdal

SKJÅK LOM VÅGÅ SEL DOVRE LESJA

Skansen 7, 2670 Otta
www.nordgudbrandsdal.no